

Høyringsuttale – saksnr. 202511633

Til: Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Frå: Knut Sæther – org.nr. 997849892

Dato: 11.12.2025

Sak: Statkrafts konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Aura kraftverk

Bakgrunn

Til grunn for denne høyringsuttalen ligg Statkrafts konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Aura kraftverk i Sunndal (jf. Statkraft 2025). Som eigar av Setran gnr. 66 bnr. 1 i Øksendalen, og dermed ein av dei med størst andel i sameiget i Gaudalen, blir eg sterkt berørt dersom planane om å trekkje dette dalføret inn i prosjektet skulle bli godkjent. Tanken er å ha tverrslag (tunnelpåhogg) og massedeponi nede i dalen under Hårstadskaret, og å byggje ein anleggsveg med to-tre kilometers lengde frå Setersetrene og fram dit.

I konsesjonssøknaden og den tilhøyrande konsekvensrapporten frå Sweco kjem det fram opplysningar om natur og landskap i Gaudalen som eg kjem til å bruke i argumentasjonen min i dette notatet. (For meg er mykje av dette kjent frå før.) Denne infoen vil eg så supplere. Meir informasjon om naturkvalitetar og kulturhistorie er elles å finne hos Jordal 2004 og Gravem 2021.

Konsekvensar av inngrep i Gaudalen

I utgangspunktet stiller eg meg positiv til at Statkraft opprustar og effektiviserer Aura kraftverk, men eg er sterk motstandar av alle former for inngrep i *Gaudalen* som ledd i prosjektet. Eg har formidla standpunktet mitt i klartekst i tre møte med Statkraft, og dessutan fått synet fram for eit større publikum ved å skrive to lesarinnlegg til lokale media (sjå Sæther 2024 og Sæther 2025). Eg vart nærmast sjokkert første gong eg fekk planane presentert og forstod konsekvensane for natur, miljø og landskap dersom dei vart realiserte. Det gjekk opp for meg at vi her ville stå overfor det største naturinngrepet i Sunndal på mange år.

I det følgjande vil eg punktvis og i tur og orden leggje fram det eg meier er dei viktigaste grunngjevingane for at Gaudalen *ikkje* må trekkast inn ved bygginga av det nye kraftverket.

1. Vi har å gjera med eit høgareliggjande dalføre som er tilnærma upåverka, noko som i seg sjølv har ein stor verdi i ei tid med stort press på naturen. «Sjeldent intakt» er uttrykket som Sweco brukar. Tidlegare hadde somme delar av området eit visst preg av å vera kulturlandskap i og med at det beita husdyr der (fram til 2014). Stiane etter krøttera er framleis synlege nokre stader, men i dag er det mest hjorten som held dei i hevd. Folk må elles ha ferdast i desse traktene i tusenvis av år. Datering av kollag i jorda på Setersetrene viser spor av menneskeleg aktivitet der iallfall attover til ca. 500 e.Kr. (sjå Dahle 2024). Frå gammalt av har det gjennom Gaudalen gått ei mykje brukt rute mellom Øksendalen og Vikebotnen/ Holbu. Stiane etter folk og fe kan i dag sjåast på som kulturminne. Delar av desse gamle ferdselsårene vil gå tapt om det kjem anleggsmaskiner dit.

2. Det øvre partiet av dalen inngår i Eikesdalsvatnet landskapsvernområde. Mykje av det nedre er omfatta av fylkesdelplanen for såkalla INON-område i Møre og Romsdal, definert som inngrepsfrie/villmarksprega naturområde som ligg 1–5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep. Dette betyr at det så langt som råd skal skjermast mot påverknad som kan skade miljøet. Terskelen for å påføre sår på mark og vegetasjon skal vera ekstra høg. Slik som topografien er, fungerer INON-området i dette tilfellet òg som ei ideell buffersone for den delen som er verna. Ved ei

utbygging i Gaudalen vil området bli drastisk redusert. Truleg vil berre nokre bitar i høgfjellet bli att. NB: I konsekvensrapporten kan eg ikkje sjå at verknaden på INON-området er trekt fram i utgreiinga om Gaudalen. Ein grov glipp?

3. Tunnelinnslaget og det ruvande deponiet av steinmassar vil bli plasserte på dørstokken til landskapsvernområdet. Dette er uakseptabelt. Dei vil bli synlege frå både den øvre og nedre delen av Gaudalen. Dei blir verande der i all framtid som skamplettar og framandelement som tek glansen av den delen av fjellet som er meint å ha ein spesiell status. Vernet vil tape mykje av funksjonen sin.

4. Bygging av anleggsveg og oppretting av dumpeplass for sprengt stein vil skape varige, skjemmande sår i eit elles jomfrueleg terreng. Det blir flust av skjeringar og fyllingar, ikkje minst der vegen skal krysse elva. Statkraft seier dei vil rydde opp att etter seg, dvs. reparere skadane i terrenget. Men dalen vil aldri bli heilt den same som før, for nokre spor lèt seg ikkje fullt ut fjerne. Mot varige mein hjelper det lite med plaster. Ifølgje Norsk institutt for naturforskning (NINA) kan restaurering aldri erstatte intakt, opphavleg natur. Og i rapporten frå Sweco står det dette om revegetering: «Deponiet skal riktignok revegeteres etter endt tiltak, men det vil ta veldig lang tid før skogen i et såpass stort område nært tregrensa er reetablert til dagens situasjon.» «Det er [...] grunn til å tro at ny vegetasjon vil avvike fra dagens vegetasjon i området.»

5. Sweco nemner ikkje noko om *erosjonsfaren* i samband med vegbygging og etablering av massedeponi. Mykje jord og sand vil bli blottlagt ved denne typen arbeid. Gaudalen er svært utsett for sterk vind når han kjem frå søraustleg retning (dette vêrfenomenet er ein grunn til den låge tregrensa i dalen), og finpartikla lausmassar kan fyke bort. Utarming og uttynning av jordsmonnet får negative følgjer for nødvendig gjenvekst. Risikoen for utvasking som følgje av stadig meir styrtregn er òg til stades.

6. I konsekvensrapporten er området vurdert til å ha stor /svært stor verdi når det gjeld naturmangfold (fugl, planter etc.). Funn av raudlisteartane *snøull* og *moselyng* i eit kalkkrikt snøleie i det berørte området blir mellom anna framheva. Men arts- og biotopkartlegginga til Sweco har ikkje fanga opp alt. I det same området som vegtraséen truleg blir lagt, vart det sommaren 2025, på ei befarung av fylkeslaget til Naturvernforbundet, påvist ei *slåttemyr* (Øystein Folden pers. medd.). Dette er ein undertype av det som blir kalla seminaturleg myr, og er ein naturtype som er sterkt trua i Noreg i dag (jf. Miljødirektoratet). Når det gjeld myr generelt, ser det for meg ut til at det blir inngrep i dette økosystemet i samband med vegbygginga. Det gjeld særleg der vegen startar, og inne på Geitaksla der traséen nærmar seg elva. Eg fryktar òg at myr faktisk kan *gå tapt* der deponiet er tenkt lagt. (Det er ei stor brustgrop etter hjorten på denne staden.) Med tanke på funksjonen som myrer har som karbonlager m.m., har Miljødirektoratet sendt forslag til regjeringa om forbod mot nedbygging av dei.

7. Anleggsaktiviteten i Gaudalen kan få uheldige følgjer for lokal storviltjakt, ikkje minst i liene rundt Seteraksla rett innanfor og sør for Setersetrene. Vi må rekne med at forstyrringane vil influere på trekkruter og bruken av beiteområde i dalen.

8. Gaudalen og dei næraste omkringingjande fjella utgjer ei av randsonene for utbreiinga til villreinstammen i Snøhettaområdet inkludert Sunndalsfjella. År om anna blir det felt dyr heilt nede i dalbotnen, og sjølv har eg observert både bukkar og simler i fjellsida opp mot Langdalen. No har reinen i Sør-Noreg kome i faresonen på grunn av blant anna oppstyking og innskrenking av leveområda. Eit nytt, stort naturinngrep i ei randsonen vil berre medverke til å undergrave innsatsen som må til for å sikre livsgrunnlaget for denne dyrearten.

9. I anleggsperioden blir det mykje trafikk av tunge maskiner og køyretøy på den eksisterande privateigde skogs(bli)vegen som Statkraft ønskjer å nytte seg av. Dette vil bety ei ulempe for grunneigarane som brukar vegen til næringsformål, i tillegg til at støy og støv vil verke

miljøforstyrrende for det aukande talet på trimmarar og friluftsfolk som ferdast etter vegen. Dei seinare åra har Seteretrene og Gaudalen vorte eit stadig meir populært turmål, ikkje berre for øksendalingar, men òg for utabygdes folk.

10. Det finst alternativ for plassering av massetipp på andre sida av fjellet mot Litldalen, der det er flust av spor etter kraftutbyggingar frå før. I møte med Statkraft i den innleiande fasen vart eg informert om at Gaudalen berre var eitt av fleire alternativ dei var pliktige til å utgreie. Det fanst nokre mulegheiter på sunndalssida. Seinare fekk et vite at to av desse var forkasta. Den tredje kunne realiserast, men det ville medføre ein lengre tunnel og høgare kostnad.

Det at det eksisterer andre løysingar, er enda ein grunn til å vrake det alvorlege inngrepet i Gaudalen. Det må vera dette Sweco har i tankane når dei skriv følgjande i rapporten sin: «for å unngå skadevirkningar i Gaudalen, som har svært stor verdi, kan inngrepet unngås i sin helhet.» Og både Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Sunndal kommune, to svært sentrale høyringsinstansar, er i innspela sine til konsekvensutgreiingsprogram skeptiske til at Gaudalen skal trekkast inn i prosjektet nye Aura kraftverk. Dei meiner inngrepa i størst muleg grad bør samlast, og at etablering av deponi og bygging av vegar ikkje må skje i urørt natur. Derfor går dei inn for at det bør utarbeidast ei alternativ løysing. Med dei store økonomiske ressursane og den teknisk-faglege kompetansen Statkraft rår over, må dette vera muleg å få til. Konsernet må vera villig til å yte litt ekstra for miljøet!

Nokre grunneigarar i Litldalen som er berørt av Aura-prosjektet ved at dei vil få kraftlinjer tett innpå husa sine, har utarbeidd si eiga løysing for kraftverksutbygginga. Ifølgje den planen blir Gaudalen spart i og med at den eine eigaren vil stille plass til disposisjon for overskotsmassar i si utmark. Statkraft og NVE skal ha fått tilsendt dette prospektet.

Konklusjon


Den omfattande nedbygginga og fragmenteringa av natur som pågår mange stader i landet vårt, er mykje framme i media for tida. I november 2025 offentliggjorde Miljødirektoratet ein fersk «naturindeks» som viser at tapet av biologisk mangfald held fram for mange norske økosystem. På same tid publiserte Artsdatabanken ei oppdatert raudliste for naturtypar i Noreg, og som fortel at mesta halvparten av dei no har hamna på denne lista. Parallelt med dette har «grøn omstilling» og «grønt skifte» vorte så godt som for slagord å rekne i det offentleg rommet. Det er bra at ein prøver å få produsert meir fornybar energi, men krafta kan ikkje kallast grøn om sideverknaden blir ein forringa eller øydelagt natur. Det vil vera det same som å ta eitt skritt fram og eitt attover. Slik sett er det trist at Statkraft, som attpåtil er eit *statleg* foretak, opptrer som eit dårleg forbilde ved å leggje opp til omfattande inngrep i naturen i Gaudalen i samband med kraftsatsinga si. NVE må setje foten ned for planane, og heller ikkje godkjenne nokon mellomløysingar og kompromiss!

Da det i si tid skulle byggjast inntaksdam til eit småkraftverk ikkje så langt frå Seteretrene, kravde NVE at inntaket vart flytta nokre hundre meter nedover i vassdraget i forhold til det som var omsøkt. Grunngevinga var at tiltaket da vart mindre synleg, at det ville auke avstanden til Eikesdalen landskapsvernområde, og at det ville redusere tapet av INON-område. Da kan eg ikkje forstå at NVE no kan godta eit inngrep som er av heilt andre dimensjonar i same dalføre. Eller er det slik at naturvern betyr mindre dess større og mektigare utbyggjaren er? Vi opplever rett som det er at i saker der det står mellom nedbygging eller vern, blir det som er kalla *samfunnsnyttan* av tiltaket eller *allmenne interesser* vurdert til å måtte vege tyngst. Men i ei tid der grønt skifte står høgt på agendaen, er det nødvendig at miljøomsyn i langt større grad legg premissane og føringane for korleis eit prosjekt skal utformast, sjølv om det kan koste litt meir i kroner og øre. Nye Aura kraftverk vil bli ein prøvestein på kor vidt det finst vilje til å ta seg dette ad notam!

For meg som har eit nært forhold og ei sterk tilknytning til området ved å ha brukt det til friluftsliv og rekreasjon ein stor del av livet, vil ei realisering av Gaudals-alternativet få følgjer. Da kjem eg til å ta farvel med denne fredelige dalen for siste gong, og det i god tid før motorlarm og drønn frå dynamitt fyller han. Eg vil sleppe å sjå han skadeskoten og utskjemt.

Referansar

- Artsdatabanken, 2025. «Norsk rødliste for naturtyper.»
<https://lister.artsdatabanken.no/naturtyper/2025>
- Dahle, Kristoffer, 2024. *Arkeologisk rapport 2024. Utvalgte setre i Møre og Romsdal. Feltundersøkelser i forbindelse med PhD-prosjekt (2021–2025)*. Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Gravem, Tor Helge (red.), 2021. *Setring i Sunndal. Sandvikdalen, Viklandet, Litldalen, Torbudalsområdet, Øksendalen og Jordalsgrenda*.
- Jordal, John Bjarne, 2004. *Et gløtt inn i Sunndalsnaturen – en kartlegging av viktige naturtyper*. Sunndal kommune.
- Miljødirektoratet. «Slåttemyr.»
<https://www.miljodirektoratet.no/sok?q=sl%C3%A5ttemyr>
- Miljødirektoratet, 2025. «Forslag om endring av plan- og bygningsloven – forbud mot nedbygging av myr.» (Høyring.)
<https://www.miljodirektoratet.no/hoeringer/2025/juli-2025/forslag-om-endring-av-plan--og-bygningsloven---forbud-mot-nedbygging-av-myr/>
- Miljødirektoratet, 2025. «Ny naturindeks: Norsk natur betydelig redusert.»
<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2025/november-2025/ny-naturindeks-norsk-natur-betydelig-redusert/>
- Norsk institutt for naturforskning (NINA). «Naturrestaurering.»
<https://www.nina.no/B%C3%A6rekraftig-samfunn/Naturrestaurering>
- Statkraft, 2025. *Aura II kraftverk. Søknad om konsesjon for opprusting og utvidelse av Aura kraftverk*.
- Sæther, Knut, 2024. «Nye Aura kraftverk og Gaudalen». Lesarinnlegg i *Aura Avis* 10.06.2024.
<https://www.auraavis.no/nye-aura-kraftverk-og-gaudalen/o/5-5-589391>
- Sæther, Knut, 2025. «Gaudalen, Statkraft og miljøet.» Lesarinnlegg i *Aura Avis* 18.02.2025.
<https://www.auraavis.no/gaudalen-statkraft-og-miljoet/o/5-5-651594>



*Gaudalen i Eikesdalsvatnet landskapsvernområde.
(Foto: Knut Sæther, 2025.)*



*Slåttemyr i Gaudalen.
(Foto: Knut Sæther, 2025.)*